

Møteprotokoll

Utval: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus - Kommunestyresalen
Dato: 07.05.2021
Tid: Kl. 09:00 – 13.35

Medlemmar som møte	Representerer	Funksjon
Asbjørn Gausdal Berit Lyngstad		Nestleiar. Via Teams. Medlem. Fekk permisjon og gikk kl. 11. Var med på sakene 18, 19, 20, 21, 25 og 22.
Gerd Bang Brevik Ivar Kåre Mork Knut Kleiven		Medlem Leiar Medlem
Nils Einar Garnes		Vara. Møtte for Berit Lyngstad frå kl. 11. I sakene 23, 24, 26, 27 og 28.

Andre som møte:

Vest kontroll: Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Jorunn Sandal. Spesialrådgivar. Via Teams.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon: Oppdragsansvarleg revisor Haldis Moltu.
Dagleg leiar/revisjonssjef Bodill Skeide. I sak 22.

Kommunen: Verner Larsen. Kommunedirektør. Deler av møtet.
Knut Erik Engh. Ordførar. Deler av møtet.

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk: George Fulford. Styreleiar. I sak 22
Einar Heimdal. Dagleg leiar. I sak 22.

Inviterte gjestar i høve sak 22: Idar Tarberg. Kontrollutvalsleiar i Herøy kommune.
Audun Ulstein. Kontrollutvalsleiar i Hareid kommune. Via Teams.

Kontrollutvalsleieren i Sande kommune var og invitert, Kunne ikkje møte.

Sakene vart behandla i denne rekkefølge:
18, 19, 20, 21, 25, 22, 23, 24, 26, 27 og 28.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
18/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/213
19/21	Godkjenning av protokoll	21/213
20/21	Skriv og meldingar	21/213
21/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/213
22/21	Orienteringar	21/213
23/21	Forenkla etterlevingskontroll 2020 Ulstein - Risikovurdering	21/205
24/21	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2020 - Ulstein	21/212
25/21	Vedtaksoppfølging	21/213
26/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/213
27/21	Rekneskapen med årsmelding 2020 Ulstein Eigedomsselskap KF	21/225
28/21	Kommunerekneskapen med årsrapport 2020 - Ulstein kommune	21/224

Stad, 12.05.2021

Ivar Kåre Mork

18/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Leiaren får fullmakt til å tilpasse rekkefølga på sakene ut frå tidspunkte for frammøte til dei som er innkalla.

Behandling:

Ikkje alle hadde fått opp møteportalen. Dette tek kvar enkelt opp med sekretariatet i ettertid.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

19/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 10.02.2021.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 10.02.2021.

20/21 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/21	FKT - Fagkonferanse og årsmøte 2021
02/21	FKT - Fagkonferanse 1-2. juni 2021 - Digital
03/21	Vedtak frå kommunestyret - Kontrollutvalet - Oppfølging av tilsynsrapport om vederlag for opphald i institusjon
04/21	Vedtak frå kommunestyret - Årsmelding for kontrollutvalet 2020
05/21	Vedtak frå kommunestyret - Årsplan for kontrollutvalet 2021
06/21	Årsmelding 2020 Pasient- og brukerombudet i Møre og Romsdal
07/21	KS gir råd til kommuner for å redusere risiko for nye dataangrep
08/21	Kontroll i mediene

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

21/21 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

22/21 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/21	Orientering frå Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek notatet frå SSR datert 21.04.2021 til vitende, med dei merknader som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalet oppmodar kommuneadministrasjonen å legge til rette for at tilhøve vedkomande nedgravde løysingar vert teke inn i føresegnene til reguleringsplaner.
3. Når det gjeld øvrige spørsmål som var stilt i møtet til selskapet si leiing, så tek kontrollutvalet det til vitende, men forbehold seg retten å kome tilbake til sakene seinare.

Behandling:

Styreleiar George Fulford og dagleg leiar Einar Heimdal orienterte og svara på spørsmål. Ordføraren i Ulstein som og er leiar i representantskapet svara og på spørsmål. Orienteringa tok utgangspunkt i notatet av 21.04.2021.

Konklusjonen vedkomande tilhøve som vart teke opp i notatet: SSR IKS v/styreleiar må gå ei runde med Miljødirektoratet for å få klarlagt reglane kring nedgravde løysingar. Ein forventar at det ligg føre skriftlege spørsmål og at direktoratet gir skriftleg tilbakemelding. Elles synest dei andre tiltaka som kom fram i orientering vedkomande notatet til å vere ok. Andre tilhøve som vart tekne opp:

- Containera. Dei er kjøpte frå Nordea og ikkje frå konkursbu til Vestmiljø. Dette i konkurranse med andre. Kontrakter: SSR overtok kontrakter frå Vest-Miljø AS på skipsverft.

- SSR tok over kontraktene til Vestmiljø på Myklebust og Kleven. Etablerte halvårsavtale med Nye Kleven etter Kleven konkursen. Myklebustavtalen går også ut snart. Uansett må dei ha hushaldningsavfall frå SSR.
- Dei fleste reinhaldsselskap driv næring i dag, i tillegg til hushaldning.
- Levering av hushaldningsavfall er inkludert i gebyra. Det må betalast for andre leveringar. Utfordring er levering av uønska planteartar.
- Sak som konfliktrådet er løyst.
- Utlysing av transport av våtavfall til Lillehamar vart ikkje utlyst. Forklaring var at dette var eit prøeprosjekt.

Styrleiar avrunda med at alle retningsliner skal fylgjast.

Hageavfall: Husholdning får levere hageavfall som er inkludert i gebyra. Andre må betale.

Gras er utfordring - plengras. Utfordring også på uønska planteartar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

23/21 Forenkla etterlevingskontroll 2020 Ulstein - Risikovurdering

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek revisjonen si vurdering av risiko- og vesentlegvurdering vedkomande etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga til vitende.
2. Kontrollutvalet er positive til at området pleie/omsorg er teke ut til kontroll, og meiner at å sjå på vederlagsberekning for institusjonsopphald er særns nytting.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet tek revisjonen sin vurdering av risiko- og vesentlegvurdering vedkomande etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga til vitende.
2. Kontrollutvalet er positive til at området pleie/omsorg er teke ut til kontroll, og meiner at å sjå på vederlagsberekning for institusjonsopphald er særns nytting.

24/21 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2020 - Ulstein

Vedtak:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2020.

Behandling:

Det vart klarlagt at ein i saka ikkje ville kome inn på tilhøve i B-dokumentet som er unnateke offentleg innsyn. Ein såg det difor ikkje nødvendig å stenge møtet. Oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu orienterte og svara på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2020.

25/21 Vedtaksoppfølging**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Behandling:**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

26/21 Saker til eventuell seinare behandling**Behandling:**

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak i saka.

27/21 Rekneskapen med årsmelding 2020 Ulstein Eigedomsselskap KF

Vedtak:

Kontrollutvalet gir slik uttale til kommunestyret

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 07.04.2021.
- 2 Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 1 367 549 kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
 - balanse per 31.12.2020
 - bevilgningsoversikt drift og investeringar
 - økonomisk oversikt drift
 - oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
 - og notar, inkl. samandrag av viktige rekneskapsprisnipp.
- 3 Kontrollutvalet har ingen merknader til den framlagde årsmeldinga.

Behandling:

Dagleg leiar Åge Christensen orienterte og svara på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet gir slik uttale til kommunestyret

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 07.04.2021.
- 2 Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 1 367 549 kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
 - balanse per 31.12.2020
 - bevilgningsoversikt drift og investeringar
 - økonomisk oversikt drift
 - oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
 - e notar, inkl. samandrag av viktige rekneskapsprisnipp
- 3 Kontrollutvalet har ingen merknader til den framlagde årsmeldinga.

28/21 Kommunerekneskapen med årsrapport 2020 - Ulstein kommune

Vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik uttale til kommunestyret:

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 16.04.2021.
- 2 Kontrollutvalet meiner at kommunen og konsernet sin årsrekneskap kan godkjennast.

Årsrekneskapen viser:
negativt netto driftsresultat (underskot) på kr 1 314 919 for kommunen og
positivt netto driftsresultat (overskot) på kr 52 629 for konsernet som
omfattar kommunen og Ulstein Eigedomsselskap KF.

Kommunen sin årsrekneskap er sett saman av:

- balanse per 31.12.2020
- oversikt over løyvingar til drift og investering,
- økonomisk oversikt drift
- oversikt over samla budsjettavvik
- årsoppgjersdisposisjonar og notar medrekna samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Konsernet sin rekneskap er sett saman av balanse per 31.12.2020, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og notar herunder eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

3 Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsrapporten.

Behandling:

Kommunedirektør Verner Larsen og Økonomileiar Steinar Nummedal orienterte og svara på spørsmål. Bl.a. med PowerPoint.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet kjem med slik uttale til kommunestyret:

1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 16.04.2021.

2 Kontrollutvalet meiner at kommunen og konsernet sin årsrekneskap kan godkjennast.

Årsrekneskapen viser:
negativt netto driftsresultat (underskot) på kr 1 314 919 for kommunen og
positivt netto driftsresultat (overskot) på kr 52 629 for konsernet som omfattar
kommunen og Ulstein Eigedomsselskap KF.

Kommunen sin årsrekneskap er sett saman av:

- balanse per 31.12.2020
- oversikt over løyvingar til drift og investering,
- økonomisk oversikt drift
- oversikt over samla budsjettavvik
- årsoppgjersdisposisjonar og notar medrekna samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Konsernet sin rekneskap er sett saman av balanse per 31.12.2020, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og notar herunder eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

3 Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsrapporten.